

Fra: Marianne Ose Askvik (Marianne.Ose.Askvik@hfk.no)

Sendt: 23.11.2016 13:07:14

Til: 'Synnøve Jørgensen'

Kopi:

Emne: SV: 4H Hordaland

Vedlegg: Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar. Retningsliner..pdf;Fordeling av Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar for 2016.pdf;Retningsliner for Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar.pdf;Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar. Fordeling 2016.pdf;image002.png;image001.jpg

Hei Synnøve,

I regional kulturplan PREMISS: KULTUR vart det m.a. vedteke at eksisterande tilskotsordningar på kulturfeltet (i Hordaland fylkeskommune) skulle gjennomgåast (i 2015) for å tilpasse dei betre til kulturlivet sine aktuelle behov og til dei vedtekne satsingane i kulturplanen. Tilskotsordninga «Driftstilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar på fylkesnivå» var blant desse ordningane som var sett nærmere på når det gjaldt føremål og kriteria. I budsjettframlegget for 2016 (vedteke i sak 95/2015 i Fylkestinget) føreslo fylkesrådmannen å gjere denne ordninga sterkare knytt til medlemstal og å styrke aktivitet gjennom andre tilskotspostar.

Eg har lagt ved saksframlegget om nye retningsliner til ordninga «Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar» som vart samråystes vedteke i Utval for kultur, idrett og regional utvikling. Eg har også lagt ved meldinga frå fylkesrådmannen til Utval for kultur, idrett og regional utvikling når det gjeld fordelinga for 2016. Dei fylkeskommunale midlane i «Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar» er no reine driftsmidlar og ikkje ei blanding mellom driftsmidlar og aktivitetsstøtte. Aktivitet må liggje i botnen i organisasjonen for å verte tilrådd driftsmidlar, men den skjønsmessige vurderinga vil ikkje lenger liggje til grunn for 50 % av midlane. Tilskot til eigne prosjekt kan organisasjonane søkje under «Kulturtiltak – amatør».

Ta gjerne kontakt om du har fleire spørsmål.

Vennleg helsing

Marianne Ose Askvik

Spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | Seksjon for kunst- og kulturformidling



Tlf: 55 23 95 43

www.hordaland.no

Fra: Synnøve Jørgensen [mailto:synnove.jorgensen@4h.no]

Sendt: 21. november 2016 14:24

Til: Marianne Ose Askvik <Marianne.Ose.Askvik@hfk.no>

Emne: 4H Hordaland

Hei Marianne

Eg har overtatt dagleg leiar-ansvar for 4H Hordaland etter Susanne Aas som har slutta.

Ser driftsstøtta til 4H Hordaland har gått dramatisk ned siste året. Er det spesiell grunn for dette? Kva bør vi gjere for å få dette opp igjen til neste år?

Ser fram til høyre frå deg anten på epost eller telefon.

--

Med venleg helsing



Synnøve Jørgensen
regionleiar i 4H Vest (Hordaland&Rogaland)
fagansvarleg momskomp. og frifond

Pedersgata 32 c
4013 Stavanger
tlf.: 960 96 773

4h.no

4h.no/rogaland

4h.no/hordaland

KLART HOVUD - VARMT HJARTE -
FLINKE HENDER - GOD HELSE



Tenk på miljøet - og vurdér om du treng å skrive ut denne e-posten